BLI MED PÅ LAGET!

TRENGER DU EN ORGANISASJON SOM:

- Jobber for dine økonomiske og sosiale rettigheter?
- Vil noe annet for landbruket og bygdene enn den utviklinga vi ser i dag?
- Aktivt bygger allianser med fagbevegelsen, forbrukerinteresser og miljøbevegelsen?
- Har et sterkt medlemsdemokrati med kort vei fra hvert medlem til styret?
- Gir deg gode medlemsfordeler, støtte i ditt daglige arbeid og sosialt fellesskap?

Norsk Bonde- og Småbrukarlag sitt arbeid er basert på inntekter fra medlemskontingent. Flere medlemmer gir oss større politisk tyngde til å utfordre etablerte strukturer og sikre bondens rettigheter. Vi trenger deg, ditt engasjement og dine ideer!

SOM MEDLEM FÅR DU:


- Gunstige forsikringstilbud gjennom Gjensidige.
- 30% rabatt på arbeidstøy hos Wenaas og 15% rabatt hos Flor.
- Juridisk rådgivning og advokatbistand med eksterne advokater.
- Økonomirådgivning.
- Rabatt på hotell og bevertning.
- Mulighet til å påvirke organisasjonen og norsk landbrukspolitikk.
- Et faglig og sosialt fellesskap.
- Studieringer og kurs.
- Avisa Bonde og Småbruker tilsendt åtte ganger i året.

Sjekk ut smabrukarlaget.no/bli-medlem, kontakt oss på tlf 22005910 eller send ein e-post til medlem@smabrukarlaget.no.

Scann QR-koden og meld deg inn i laget!







SAU

I 2024 er det i Noreg om lag 900 000 vaksne sauer fordelt på rundt 13 000 bruk over heile landet. I snitt er det 70 sauer per bruk, og storparten av sauene er på utmarksbeite i løpet av sommaren.

Økonomien i sauenæringa treng eit realt løft. NBS meiner at tilskot til sauenæringa må premiere berekraftig drift basert på utnytting av utmark og lokalt ressursgrunnlag. Arealtilskot bør vere teigbasert, og det skal stimulere til optimal planteproduksjon ut frå naturgitte vilkår og behov i marknaden. Store volumproduksjonar bør i større grad ta inntekta frå marknaden.

Berre kring halvparten av beiteressursane i utmark er utnytta, og potensialet for å auka sauehaldet er stort. Samtidig er næringa sårbar for overproduksjon, og marknads- og produksjonsregulerande verkemiddel er nødvendig når ein skal styrke økonomien i saueproduksjonen.

Målet i sauehaldet er å produsere mat, skinn og ull i tråd med ressursgrunnlaget. Lettare og meir nøysame raser har ei rolle i dette arbeidet for deira gode beiteeigenskapar, evne til å gå i flokk, og spesielle pels- og kjøttkvalitet. Næringa har eit ansvar for å ta vare på gamle, norske sauerasar.



Tilskot til sauenæringa må premiere bruk av utmark og lokalt ressursgrunnlag



Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil ha:

- Auka lønnsemd i sauehaldet, også i produksjonar med lettare og meir nøysame rasar enn NKS. Eit tiltak er å innføra driftstilskot på linje med ammekuproduksjonen.
- Betre tilrettelegging for auka bruk av utmarksbeiteressursane og for at sauebonden kan utnytta vekstsesongen i sitt område.
- Innføring av produksjonsregulering i sauenæringa for å unngå overproduksjon. Regulering av produksjonen må ikkje vera strukturdrivande, den må gi moglegheit til rekruttering av nye produsentar og god utnytting av lokale ressursar.
- Tilskot til investering for å fornya driftsapparat. Omfanget på utbygging må retta seg etter tilgang på lokale arealressursar til grovfôr og beite.
- Betre prisar for norsk ull til norske produkt frå industrien.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag arbeider for sauenæringas sak på fleire ulike måtar:

- I interne utval med fokus på matproduksjon, økonomi, utnytting av ressursar og kampen om utmarka i møte med turisme, hytteutbygging og rovvilt.
- I samarbeid med andre faglag og organisasjonar i jordbruket.
- Gjennom konferansar og seminar, mellom anna den årlege. utmarkskonferansen.
- I jordbruksforhandlingane.

Som medlem får du eit fagleg og eit sosialt fellesskap!



